



Veien til en bedre campingopplevelse...

18.12.2025



Julehelsing frå NBCCs leder

Vi er komnt langt ut i adventstida og mange har nok starta nedtellinga til julekvelden. Det er mange som pyntar med masse lys ute, men det som gir mest julestemning lar vente på seg, nemleg snøen. Det viktigaste er likevel å klare å senke skuldrane og nyte denne fine adventstida. Finn gjerne på koselege førjulsaktivitetar saman med familia. Sjølv har eg ein fast tradisjon; pepperkakebaking saman med barn og barnebarn. Då kjem det både julebrus og gløgg på bordet.

2025 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år der eg har fått møtt mange av medlemmane våre. Det er alltid like kjekt, og så treff ein nye ansikt, noko som og er veldig gjevande.

Det er mykje vi kan setje på ønskelista for 2026. Det eg aller mest ynskjer meg på vegne av Norsk Bobil og Caravan Club (NBCC) er å få med fleire medlemmar. *Vi har bruk for nye medlemmar i alle aldrar!* Der kan du som medlem gjerne vere med å hjelpe til. Fortel vener og bekjente som er camparar om kvifor du er medlem, og inviter gjerne desse med på treff. For å vere med på treff treng ein nødvendigvis ikkje vere medlem første gangen, men dette er gjerne noko som inspirerer til at ein melder seg inn. Det sosiale felleskapet er høgt verdsett av mange.

Det er fleire saker vi arbeider med som kan få konsekvensar for deg som elsker campinglivet. Ei av dei viktigaste no er fricamping som er under press. Vi i NBCC arbeider heile tida for å gje medlemmane våre best mogleg vilkår og fricamping vil vere eit av desse. Forsvinn muligheta til å fricampe vil og noko av frihetsfølelsen som

campar kunne forsvinne.

Eg ynskjer alle våre campingvener ei riktig fin og koseleg jul og eit godt nytt camping år.

Juleklem frå Berit

Administrasjonen tar juleferie

Fra mandag 22. desember kl. 15:30 tar administrasjonen juleferie. Kontoret og telefonen blir stengt, og e-post vil ikke bli besvart i perioden. Vi er tilbake 2. januar, klare for et nytt år og nye muligheter. Åpningstidene er 8:00 til 15:30 mandag til torsdag, og 8:00 til 15:00 på fredag. Telefonen åpner kl. 10:00 alle ukedager.



NBCCs digitale medlemskort og Min Side: Gnist

Gnist er vårt digitale medlemskort og Min Side. Der finner du medlemsbevis, medlemsfordeler og rabattkoder. Gnist finner du i App Store, Google Play og på Min Side på nbocc.no.



Les Bobil og Caravan Magasinet på nett

På bocm.no kan du som medlem lese Bobil og Caravan Magasinet. Aktiver tilgangen på denne linken.

- Fyll inn medlemsnummer og etternavn. Systemet finner medlemskapet og du kan lage passord og godkjenne betingelsene.
- Vent på e-post med link for å aktivere brukerkontoen. Så kan du logge inn.

Norsk Bobil og Caravan Club - Postboks 104, 1921 Sørumsand Norge
nbocc.no - post@nbocc.no - +47 63 82 99 90
Klikk her dersom du ikke lenger ønsker å motta dette nyhetsbrevet